

Utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus

Tilsvar frå Nordfjord sjukehus på utkast til mandat

Mandat

Utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus er eit nasjonalt prosjekt, og må ha tilstrekkeleg finansiering for å ha truverte og legetimitet, og for å kunne lukkast.

Rusposten vil i framtida vere ein del av Nordfjord psykiatrisenter (NPS). Ein har klargjort eigna lokaler ved NPS for aktiviteten, funksjonsplan er ferdig utarbeidd og det ligg føre oppdatert driftsbudsjett (ca. 20 mill årleg). Følgeleg meiner vi at oppstart av rusposten ikkje kan seiast å vere ein sentral del av utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus.

Det må gå klart fram at rustilbodet ikkje skal finansierast av midlane "Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus".

Regjeringa har vedteke at anestesiberedskapen skal fortsetje ved Nordfjord sjukehus. Det tilseier:

- Tilpassa akutfunksjonar jfr. "*Lokalsykehusenes akutfunksjoner i en samlet behandlingsskjede*" – sluttrapport frå arbeidsgruppe leia av Bjørn Erikstein til HOD datert 19.02.2007.
- Prosjektet må ivareta intensjonane i Samhandlingsreforma, deri utvikle eit lokalmedisinsk senter i tilknytning til Nordfjord sjukehus.

Organisering

Vi påpeiker at det må vere sterk lokal forankring i både Styringsgruppe og Prosjektgruppe.

For at prosjektet skal lukkast og ha legitimitet forutset ein at arbeidsstad for prosjektleiar er lokalt forankra.

Nordfjord sjukehus, 18.06.2011